

Det første Senioruniversitetet starta i Frankrike i 1972 under namnet *Universitet for den tredje alder*. I Norge starta ein i Oslo hausten 1982. SUFYR blei oppretta hausten 2004 i samarbeid med Strand bibliotek og Folkeuniversitetet/Friundervisninga i Strand med første forelesing i januar 2005. Initiativet blei tatt av Anna Elisabeth Helgesen, Anne Karin Knutsen og Kjell O. Hansen. Friundervisninga støtta SUFYR med kr. 10.000 i oppstarten.

Formål: Senioruniversitetet for Ytre Ryfylke, SUFYR, skal gi kunnskap og stimulera til samvær seniorar imellom på dagtid. I hovudsak er kommunane Hjelmeland, Strand og Forsand nedslagsfeltet, og styret har representantar frå alle tre kommunane. Men dei representerer formelt ikkje kommunane! Forelesingar ni gonger i året skal gi innføring i utvalde fag og emne, utan sikte på at det skal gi formell kompetanse. I tillegg kan det bli arrangert ekskursjonar/turar.

SUFYR er ei fri og uavhengig samanslutning som er ubunden i spørsmål om livssyn og politisk oppfatning. Organisasjonen er registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund med org.nr. 995 529 548.

Det første styret: Frå Hjelmeland : Jan O. Ommundsen og Knut Vadla

Frå Strand : Anne Karin Knutsen og Asgjerd Taksdal

Frå Forsand : Gunnvor Nedrehagen og Robert Olsen

I tillegg : Kjell O. Hansen, som har hatt ansvar for administrasjon/økonomi, og Anna Elisabeth Helgesen - som har vore styreleiar i dei seks første åra.

Elles har desse møtt som styremedlemmer i løpet av dei seks første åra: Judith Henanger (frå Hjelmeland), Signe Plahte Holmgren (frå Strand) – og Torstein Harboe, Brit S. Birkedal og Christine Sjøiland (frå Forsand)

Ein god drøs høyrer med når ryfylkingar kjem saman. SUFYR samarbeider med Dagsenteret i Torghuset, og her blir det ordna med kaffi og kringle/lappar til pausen kl. 1200.

Det kostar, både med forelesar, Torghus og annonser. Sidan SUFYR ikkje får offentleg støtte, er ein avhengig av eit visst medlemstal for å kunne halde ei sikker drift. Stadig fleire melder seg inn, og pr. 20. mars 2010 har 130 betalt medlemskap.

Programmet: Styret prøver å finna varierte emne av allmenn interesse, f. eks. aktuelle samfunnsprospørsmål, historiske emne og forfattarskap, og temaet *det å bli eldre* høyrer sjølsagt med!

Frammøtet: Til første samlinga venta ein kanskje 30–40 seniorar - i eit hjørne av biblioteket? Heldigvis bestilte ein kinosalen til 13. januar 2005. Det møtte fram om lag 150! Seinare har frammøtet blitt større for kvart år - oftast kjem mellom 150 og 250 tilhøyrarar, også folk frå Stavanger.

Æresmedlemskap: Årsmøtet 17.02.2011 utnemnde Anna Elisabeth og Øyvind Helgesen til æresmedlemmer for den store innsatsen dei hadde lagt ned for SUFYR gjennom dei seks første åra. Årsmøtet 21.03.2013 utnemnde Anne Karin Knutsen til æresmedlem - som ein av initiativtakarane til SUFYR og for innsatsen i styret sidan oppstarten.